



Luftfartstilsynet
Postboks 245
8001 BODØ

Dato: 22.10.2021
Vår ref.: 20/05451-19
Dykkar ref; 21/09157-1

Søknad om fornya konsesjon for Voss flyplass, Bømoen

Voss herad syner til brev av 30.06.2021 med ref. 2109157-1 frå Luftfartstilsynet
Voss herad søker med dette om fornya konsesjon for Voss flyplass Bømoen i Voss herad, Vestland fylke. Gjeldande konsesjon av 3.juli 2012, dykkar ref 201203362-14/603/JKR.

Søknaden gjeld ein tilsvarande konsesjon som Voss herad har i dag (tidlegare Voss kommune) for Voss flyplass Bømoen

Undertittel

1. Namn på landingsplass:

Voss flyplass, Bømoen

2. Konsesjonssøkjaren:

Voss herad
Uttrågt 9
5701 VOSS
56 51 94 00

3. Eksklusiv bruksrett til området

Konsesjonssøklar har ein festerett til området som går fram til 19.06.2023 inngått med Forsvaret. Forsvaret selde Bømoen til Bømoen AS. I konsesjonsvilkåra då Bømoen AS fekk konsesjon på eigedomen, vart det slått fast at ny eigar skulle inngå ny festeavtale med Voss kommune. Denne er oppsett og vil gjelda frå 20.6.2023. Avtalane er vedlagt som vedlegg 1 og 2.

Vedlegg 1: Dagens festeavtale med Forsvaret

Vedlegg 2. Tillegg til gjeldande festeavtale – vidare festeavtale i 50 år med Bømoen AS.

4. Kart

Vedlagt kart over landingsplassen ligg ved, vedlegg 3




Legg også med Situasjonsskart, Profilkart og Hindersituasjon utarbeidd til førre søknad. Ingenting er endra sidan den gong. Vedlegg 4.

Flyplassen ligg på gnr 92 bnr 5.

5. Samsvar med arealplanar

Voss flyplass Bømoen ligg i gjeldande kommuneplan, arealdelen, som flyplass til ikkje almen bruk. I kommuneplanens arealdel er det lagt føringar på bruken av arealet rundt flyplassen. Ny områdereuleringsplan for området er under utarbeiding.



Utsnitt av kommuneplankart -ny arealbruk Bømoen.

Utdrag frå arealdelen

Flyplass Bømoen 92/5

Landingsstripa på Bømoen er berre til privat bruk og all trafikk skal skje i tråd med konsesjonsvilkåra og etter avtale med konsesjonshavar.

FT1 Framtidig fritids- og turistformål 92/5

Camping, reiseliv, overnatting Krav til regulering. Særskilte omsyn: Kulturminneinteresser, friluftsliv/stinett og vassdrag

N21 Bømoen 92/5

Næringsføremål som lager og industri, kontor og luftsportsrelaterte verksemder. Krav til regulering. Særlege omsyn: Trafikale tilhøve og støy, flyplassaktivitet, friluftsliv, sti- og løypenett, drikkevatn, kulturminne, landskap.

IA2 Idrettsbygg 92/5



Bømoen, Luftsportsområde 92/5 Idrett/luftsport Krav til regulering.
Særskilte omsyn: Friluftsliv, ålmenta sine interesser, støy, kulturminne.

RU1 Råstoffutvinning – noverande grusuttak

6. Bruk av landingsplass

Aktuelle luftfartøytypar: Småfly med totalvekt inntil 5.700 kg

Tal bevegelser:

Konsesjonen er basert på same trafikkomfang som i gjeldande konsesjon, om lag 500 flybevegelser pr veka og 8000 flybevegelser pr år. Ved auke av trafikkmengda på over 25 % må det søkjast om endringar av konsesjonen.

Det er ynskjeleg å behalda eit unntak for trafikkbegrensinga pr veka under dei årlege arrangementa i samband med avvikling av "Ekstremспортveko" og ved nasjonale eller internasjonale konkurransar lagt til Voss.

Flyplassen skal nyttast i dagslys og mest om sommaren, men vert og nytta på vinteren.

Flyplassen har følgjande aktivitetar:

Voss fallskjermklubb har base på Bømoen og nyttar Voss flyplass, Bømoen som base for si verksemd

Base for skoleflyging med seglfly

Hovudbase for ervervsmessig luftfartsforetak Fonnafly (Helikopterselskap)

Legg ved Driftshåndbok til orientering. Vedlegg 5

7. og 8. gjeld flyplassar til off bruk og internasjonal luftfart og er ikkje aktuelle.

9. Miljøutgreiing

1. Lite sannsynlig – det har ikkje vore uheldige hendingar som har gitt skade siste periode.
2. Lite sannsynlig – flyplassen ligg på ein grusressurs og evt utslepp vil rensast i grunnen. Det er ikkje kjent utslepp eller anna påverknad av vassdraget (Raundalselva).
3. Lite sannsynlig
4. Lite sannsynlig
5. Lite sannsynlig
6. Lite sannsynlig
7. Lite sannsynlig
8. Lite sannsynlig
9. Lite sannsynlig
10. Lite sannsynlig. Den største brukaren av flyplassen pr nå, er fallskjermklubben. Dei har gått til innkjøp av nye fly med betydeleg mindre støy enn tidlegare nytta flytypar. Med den teknologisk utviklinga, vil ein forventa at det vert vanleg med elektriske fly om nokre år som vil gje minimal støy.
11. Lite sannsynlig



12. Lite sannsynlig
13. Lite sannsynlig
14. Lite sannsynlig
15. Lite sannsynlig
16. Lite sannsynlig
17. Lite sannsynlig. Det har vore lite klager på støy frå friluftslivet og turgåarar rundt flyplassen og . Bømoen-løypa går rundt flyplassen, men mykje i skog som skjermer for evt flystøy.
18. Mindre sannsynlig. Flystøy er klaga på av busette i lia nord for flyplassen. Skulen og andre turgåarar nyttar Bømoen-løypa vest og sør for flyplassen mest som tilkomst til friområdet sør og aust for eller forbi flyplassen (sjå utsnitt av kommuneplankartet der Bømoen-løypa er teikna inn med tykk grå strek)
19. Lite sannsynlig
20. Lite sannsynlig

10. Støyberekning

Det er utarbeidd ei støyberekning utført av SINTEF datert 24.02.2019. Støyberekninga ligg ved søknaden.

Vedlegg 6.

11. ROS analyse

Lite aktuell her. Gjeld større flyplassar.

Med vennleg helsing

Torbjørge Austrud
Kommunalsjef Tekniske tenester
Tlf: 91874200

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

Vedlegg:

2020 Driftshåndbok Bømoen flyplass ENBM.doc

Vedlegg 3 Kart/ortofoto over flyplassen

Vedlegg 6. Prosjektnotat støysoner 24.01.19

Vedlegg 2. TILLEGGSAVTALE TIL FESTE KONTRAKT AV 19.06. 1073

SAMLA SAK - BØMOEN FLYPLASS - GODKJENNING AV FESTEAVTALE 538125_1_0.doc

Vedlegg 1. Gjeldande avtalemed Forsvarsdep Voss kommune 19061973

Vedlegg 4 Områdekart, profilkart, situasjonskart, , Hindersituasjonskart

Vedlegg 5. Driftshåndbok Bømoen flyplass ENBM.doc

Kopi til:

Arild McClellan Steine, Voss herad